

Protokoll frå Årsmøte i Seniornett Førde 20.februar 2015

Møtestad: Brunosten

Innhald

Sak 0:	Opning ved styreleiar Sidsel Gråberg	1
Sak 1:	Godkjenning av innkalling og sakliste.....	1
Sak 2:	Val av møteleiar	2
Sak 3:	Val av skrivar.....	2
Sak 4:	Val av to medlemer til å skrive under møteboka saman med møteleiar.	2
Sak 5:	Styret si årsmelding.....	2
Sak 6:	Rekneskapan for 2014 og revisjonsmelding.....	2
Sak 7:	Fastsetje lokal kontingent 2015	2
Sak 8:	Planar framover	2
Sak 9:	Budsjett 2015.....	3
Sak 10:	Godtgjersle til tillitsvalde.....	3
Sak 11:	Innkomne saker:	3
Sak 12:	Val.....	3
Sak 13:	Val av styreleiar for eitt år.	3
Sak 14:	Val av eitt styremedlem for to år.	3
Sak 15:	Val av ein varamedlem til styret for eitt år.	3
Sak 16:	Val av revisor for eitt år.....	3
Sak 17:	Val av leiar i valnemnda for eitt år.	4
Sak 18:	Val av eit medlem til valnemnda for to år.	4
Sak 19:	Val av ein varamedlem til valnemnda for eitt år.	4
Sak 20:	Val av 2 utsendingar til Seniornett Norge sitt Landsmøte 8. – 9. mai 2015 i Haugesund..	4
Sak 21:	Avslutting:	4

Sak 0: Opning ved styreleiar Sidsel Gråberg, 22 frammøtte.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste.

Kunngjort i alle Seniornett-gruppene frå nyttår 2015 og ved utsending av e-post 4.2.15 og på Origo - "Det skjer" i Firda.

Vedtak:

Innkalling og sakliste til årsmøtet samrøystes godkjent.

Sak 2: Val av møteleiar

Framlegg på Magnus Hope

Vedtak:

Magnus Hope vart valt til møteleiar med akklamasjon.

Sak 3: Val av skrivar.

Framlegg på Monrad Kolstad

Vedtak:

Monrad Kolstad vart valt.

Sak 4: Val av to medlemmer til å skrive under møteboka saman med møteleiar.

Framlegg på: Marloes Vos og Rolv Nore

Vedtak:

Valt blei Marloes Vos og Rolv Nore

Sak 5: Styret si årsmelding

Styreleiaren gjekk i gjennom årsmeldinga punkt for punkt med kommentarar. Det kom følgjande kommentarar:

- Nemnde dei faste hjelparane, Helge og Magny som har hjelpt oss mykje, Tone Sveum hadde også eit kort engasjement.
- Tvilsamt at nybyrjarar kan gå opp att, slik vi har hatt det siste året.
- Viktig at vi hadde like program på alle sine pc'ar

Vedtak:

Årsmeldinga vert teke til etterretning med dei merknader som er oppført.

Sak 6: Rekneskapen for 2014 og revisjonsmelding.

- Leon Årset gjekk gjennom heile rekneskapet, punkt for punkt med kommentarer og forklaring.

Vedtak:

Rekneskapen godkjent og revisjonsmeldinga teke til etterretning.

Sak 7: Fastsetje lokal kontingent 2015

Framlegg om ein kontingent i 2015, kr. 300,- per person/år.

Vedtak:

Samrøystes godkjent, kr. 300,- per person/år

Sak 8: Planar framover, framlegg frå styret:

Arbeids/aktivitetsplan for 2015

Forslag til aktivitetar og kurs haust 2015.

Programval på den einssilde pc:

Drøfta alternative gratis programvare som finnes på pc'en ved innkjøp.

Vedtak:

Styret får fullmakt til å arbeide vidare med val av programvare for nye deltakarar. Som standard programvare må alle ha ein felles Office-pakke og epostprogram etter avtale.

Sak 9: Budsjett 2015

Kasseraren gjekk i gjennom budsjettframlegget frå styret - punkt for punkt.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner budsjettframlegget for 2015, sjå siste side, med ei samla utgift på 55 800,00 og tilsvarande inntekt.

ak 10: Godtgjersle til tillitsvalde.

Styret gjer framlegg om kr. 200 til kvar av styremedlemane til uspesifiserte utlegg. Benkeframlegg på kr. 300,- per person.

Vedtak:

Årsmøtet vedtok kr. 300 pr. styremedlem og varamedlem.

Sak 11: Innkomne saker:

Epostmelding frå Margot Fonn der ho spør om individuell hjelp på Seniornettkaffimøta, der vi deler opp i fleire smågrupper.

Vedtak:

Årsmøtet er interessert i at Seniornett Førde prøver ut nye opplæringsmetodar, der den einskilde kan melde inn sine utfordringar. Dei ordinære seniornettkaffeane vert som tidlegare.

Sak 12: Val

Leiar i valnemnda, Mari Fleten hadde laga eit skriftleg framlegg som var utdelt saman med årsmeldinga.

Sak 13: Val av styreleiar for eitt år.

Benkeframlegg på: Harald Øygard

Vedtak:

Harald Øygard valt ved akklamasjon.

Sak 14: Val av eitt styremedlem for to år.

Framlegg på Rolf Nore. Leon Årset står ikkje på val.

Vedtak:

Rolf Nore vart valt.

Sak 15: Val av ein varamedlem til styret for eitt år.

Framlegg på Hildur Hafstad Smådal

Vedtak:

Hildur Hafstad Smådal vart valt

Sak 16: Val av revisor for eitt år.

Framlegg på Hildegunn Nore

Vedtak:
Valt blei: Hildegunn Nore

Sak 17: Val av leiar i valnemnda for eitt år.

Framlegg på Martha Espeland.

Vedtak:
Valt blei: Martha Espeland for eitt år.

Sak 18: Val av eit medlem til valnemnda for to år.

Framlegg på attval av Mari Fleten. Ellaug Haugum er ikkje på val.

Vedtak:
Valt blei: Mari Fleten for to år.

Sak 19: Val av ein varamedlem til valnemnda for eitt år.

Framlegg på Kolbjørn Bergseth

Vedtak:
Valt blei: Kolbjørn Bergseth

Sak 20: Val av 2 utsendingar til Seniornett Norge sitt Landsmøte 8. – 9. mai 2015 i Haugesund.

Styret gjer framlegg på Harald Øygard og Egil Nestande

Vedtak:

Harald Øygard og Egil Nestande vart valt.

Styret vel vararepresentantar til utsending til Landsmøte.

Sak 21: Avslutning:

Styreleiar takka for samarbeidet i styret og vil stikke innom Bjørg Helle med ei blomsterhelsing frå Seniornett Førde. Også ei blomsterhelsing til Hildur Smådal, Leon Årset, Egil Nestande og Monrad Kolstad.

Styreleiaren overrekte leiarklubba til den nye leiaren Harald Øygard, som takka for tilliten.

Møte slutt.

Monrad Kolstad,
Ref.sekr.

Budsjett 2015	Inntekter	Utgifter
Medlemskontingent	19 500,00	
Kaffipengar	19 000,00	
Tilskot	15 300,00	
Finansinntekter (renter)		
Godtgjersle til instruktører for utlegg		25 000,00
Servering		2 000,00
Utstyr		10 000,00
Annonser, porto		2 000,00
Godtgjersle til tillitsvalde		800,00
Reiseutgifter		10 000,00
Andre utgifter		4 000,00
Finanskostnader (bankgebyr)		
Resultat		
Sum	53 800,00	53 800,00